

## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset - Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>05.12.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

År 2017, 5. desember kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Fylkeshuset i Leikanger kommune.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 17. november 2017. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Sigurd Erlend Reksnes og Jakob André Sandal hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte 1. vararepresentant Per Atle Kjøllesdal og 1. vararepresentant Eldrid Margrete Skudal. Fylkestinget godkjende forfallet til Reksnes og Sandal.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SENERPARTIET:**

Jenny Følling  
Aleksander Øren Heen  
Karen Marie Hjelmeseter  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Arnstein Menes  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad  
Per Atle Kjøllesdal

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic

### **HØGRE:**

Noralv Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Bjørn Erik Hollevik  
Anne Kristin Lilleaasen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Gunn Aarvik

**VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Eldrid Margrete Skudal

**MILJØPARTIET DEI GRØNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføreren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføreren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Ole Johnny Stubhaug og Harald Bjarte Reite vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføreren opplyste at sakene 42-59/17 var sendt ut 28. november 2017.  
Sak 56/17 gjekk ut av saklista, jf. fylkesutvalet sitt vedtak i sak 120/17.

Saklista vart godkjend.

Ordførar i Leikanger kommune, Jon Håkon Odd, helsa fylkestinget.

Fylkeskulturprisen 2017 vart delt ut til Kristin Sønnerheim for arbeidet hennar i Aurlandsdalen.

Gründerprisen for ungdom 2017 vart delt ut til Elde Cosmetics, v/Vemund Eldegard.

Fylkesordføreren heldt tale til fylkestinget. Det vart avvikla debatt etter fylkesordføreren sin tale.

Fylkestinget tok pause frå 5. desember kl. 17.35 og heldt fram 6. desember kl 09.00.

**SAK 42/17 Selskapskontroll 2017 - Overordna eigarstyring - rapport**

**VEDTAK:**

1. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av eigaroppfølginga til fylkeskommunen vert teken til vitande.

-----

**SAK 43/17 Forvaltningsrevisjon - Nasjonal digital læringsarena - Rapport NDLA II**

**Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.
2. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg i fylkesrådmannen si tilråding:

3. Sogn og Fjordane Fylkeskommune avsluttar samarbeidet i NDLA. Fylkesrådmannen vert bedt om å førebu uttrede av samarbeidet i tråd med inngåtte avtalar, samt førebu erstatningar for dei tenestene ein i dag får gjennom NDLA
4. Fylkestinget i Sogn og Fjordane oppmodar økokrim om å vurdere dei økonomiske transaksjonane i NDLA dei siste åra.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteken.

Framstegspartiet sitt framlegg til punkt 3 fekk 2 røyster, og vart dermed forkasta.

Framstegspartiet sitt framlegg til punkt 4 fekk 9 røyster, og vart dermed forkasta.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.
2. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.

-----

**SAK 44/17 Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane- val av revisjonsordning**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.

----//----

Fylkestinget fann Per Atle Kjøllesdal inhabil til å ta del ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e), nr. 2.

-----

**SAK 45/17 Samanslåing av dei tre revisjonseiningane Kryss revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF Revisjon IKS**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, dagsett 15.09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.
2. Kvart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskott, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette blir dagens tre revisjonseiningar avvikla innan 31.12.2018. Det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med kapittel 16 i arbeidsmiljølova om verksemdoverdraging, slik at dei tilsette sine stillingar i den nye revisjonseininga vert sikra.
5. Dette vedtaket er gjort med atterhald om at dei andre eigarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

**Endringsframlegg:**

**Framstegspartiet** sette fram slikt framlegg om endring i punkt 3:

Det nye interkommunale samarbeidet vert å organisere som eit IKS, eller som eit §27-samarbeid...

**Avrøysting:**

Framlegget frå Framstegspartiet og tilrådinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane. Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, dagsett 15.09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.

2. Kwart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit IKS, eller som eit § 27-samarbeid, utan eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette blir dagens tre revisjonseiningar avvikla innan 31.12.2018. Det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med kapittel 16 i arbeidsmiljølova om verksemdoverdraging, slik at dei tilsette sine stillingar i den nye revisjonseininga vert sikra.
5. Dette vedtaket er gjort med atterhald om at dei andre eigarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

----//----

Fylkestinget fann Per Atle Kjøllesdal inhabil til å ta del ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e), nr. 2.

-----

**SAK 46/17 Fylkeskommunen sin eigarskap i Njøs næringsutvikling AS**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS inntil vidare.
2. Fylkestinget vurderer eigarskapen på nytt ved handsaminga av Eigarmelding 2018.

-----

**SAK 47/17 Avvikling av F1 Holding AS**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet.
2. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar og plikter etter avtalane som er inngått mellom Havilafjord AS og F1 Holding AS i samband med salet av Fjord1-aksjane. Dette gjeld:
  - a. aksjekjøpsavtale dagsett 14. oktober 2016
  - b. opsjonsavtale dagsett 14. oktober 2016
  - c. låneavtale dagsett 14. oktober 2016
  - d. tilleggsavtale dagsett 12. mai 2017 og
  - e. ev. attverande rettar og pliktar i aksjonæravtale dagsett 14. oktober 2016.
3. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar etter bankgarantien utferda av Sparebanken Vest dagsett 22. mai 2017.

4. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS velje følgjande som avviklingsstyre i selskapet:
  - a. Jan Øhlckers
  - b. Aleksander Øren Heen
5. Ev. likvidasjonsoverskot som fylkeskommunen får utdelt etter aksjelova § 16-9 vert tilført ubunde kapitalfond «Fjord1».

-----//-----

Fylkestinget fann Aleksander Øren Heen inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

-----

**SAK 48/17      Medeigarskap i BT Signaal AS/Sørvest Ferge AS**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget løyver kr 1,056 mill. kr til kjøp av aksjekapital i Sørvest Ferge AS.
2. Løyvinga føreset at kapitalutvidinga vert på minimum 2,112 mill. kr.

-----

**SAK 49/17      Invitasjon til å teikne aksjar i "Vitensenteret i Sogn og Fjordane"**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget løyver 0,660 mill. kr til kjøp av 66 aksjar á kr 10 000,- i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS».
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigardel skal ikkje overstige 1/3 av aksjekapitalen. Dersom aksjeteikninga samla medfører ein høgare aksjekapital enn føresett minimumsnivå på 2 mill. kr, aukar fylkeskommunen sitt aksjekjøp for å oppretthalde 1/3 av samla aksjekapital. Dette er avgrensa til eit maksimalt fylkeskommunalt aksjekjøp av 105 aksjar - tilsvarande 1,050 mill. kr.
3. Løyvinga vert finansiert med bruk av kapitalfond.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å teikne tal aksjar ut i frå føresetnadane i pkt. 1-2.

-----

**SAK 50/17      Rullering av handlingsprogam anlegg, regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2018 og 2019**

**VEDTAK:**

1. Handlingsprogram for anlegg 2018 og 2019 vert vedteke slik det ligg føre i vedlegg 1.
2. Langtidsprogram for anlegg etter 2019 vert vedteke slik det ligg føre vedlegg 2.

-----

**SAK 51/17 Mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 - 2021**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021 slik dei ligg føre i vedleggsgruppe A, vedlegg 1.
2. Det skal utarbeidast eit tilhøyrande handlingsprogram for perioden 2018-2021. Tiltak og prosessar skal vere tidfesta, prioriterte og kostnadsrekna. Handlingsprogrammet vil vere grunnlag for prioriteringar i budsjett- og økonomiplanen. Hovudutval for opplæring skal handsame og rullere handlingsprogrammet kvart andre år.

-----

**SAK 52/17 Handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021, godkjenning**

**Frå hovudutval for samferdsle låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vert vedteken slik den ligg føre.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Eit positivt vedtak om fleksibel skuleskyss for barne- og ungdomsskuleelevar i sak 57/17 vert innarbeidd i planen.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå hovudutval for samferdsle og tillegget frå Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021 vert vedteken slik den ligg føre, med slikt tillegg:

Eit positivt vedtak om fleksibel skuleskyss for barne- og ungdomsskuleelevar i FT-sak 57/17 vert innarbeidd i planen.

-----

**SAK 53/17 Høyring - Kystverkets handlingsprogram 2018-2029**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til overordna mål og dei hovudmåla som er lagt til grunn for strategiar og prioriteringar i handlingsprogrammet.

2. Fylkestinget er nøgd med at Stad skipstunnel ligg inne med oppstart første 6-årsperiode. Dette er eit viktig prosjekt for sjøtryggleiken på kysten både nasjonalt og for Sogn og Fjordane. Er det mogleg å flytte prosjektet tidlegare i perioden p.g.a. at andre prosjekt ikkje er klare, ber vi om at prosjektet vert sett i gong tidlegare i fyste perioden.
3. Kalvåg Fiskerihamn ligg inne i siste periode. Dette er siste del av ein større utbetring i fiskerihamna, og vi ber difor om at dette vert sett i gong innan 2020 slik at hamna vert ferdigstilt. Er dette ikkje mogleg krev vi at det vert sett av øyremerka midlar til dette ved ei overføring av fiskerihamnene til regionalt folkevald nivå.
4. Fylkestinget konstaterer at Kystverket ikkje har prioritert utbetring av innseglinga til Flora hamn før i siste 6-årsperiode. Utsprenging av leia/innseglinga til Flora hamn er eit viktig tiltak for skipstrafikken på kysten og tilkomsten til Flora hamn. Fylkestinget ber om at dette tiltaket vert lagt inn i slutten av første 6-årsperiode.
5. Fylkestinget registrerer at utdjuing av 13 grunner i skipsleia til Bremanger ikkje ligg inne i Kystverket sitt framlegg til handlingsprogram. Fylkestinget ber om at dette tiltaket kjem inn i siste 6-årsperiode i handlingsprogrammet.
6. Fylkestinget sluttar seg til Kystverket sine planar om å fjerne vedlikehaldsetterslepet på navigasjonsinnretningane i første 6-årsperiode. Dette er viktig for å sikre sjøfarten langs norskekysten.
7. Fylkestinget konstaterer at Kystverket ønskjer å stimulere til meir sjøtransport ved å styrke tilskotsordninga for overføring av gods frå veg til sjø, samt etablering av ei ny tilskotsordning for investering i utvikling av meir effektive og miljøvennlige hamner. Fylkestinget sluttar seg til desse strategiane/måla.
8. Fylkestinget ber Kystverket sikre at heile kysten framleis får god dekning med oljeverndepot og oljevernberedskap.
9. Fylkestinget ser samtidig at budsjetkapitlet for vedlikehald av navigasjonsinnretningane også inneheld vedlikehald av kystens kulturminner, inkludert fyrstasjonane. Med reduserte rammer og prioritering av sikkerheit til sjøs, er fylkestinget kjent med at dette går ut over vedlikehald av fyrstasjonane. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønsker å styrke grunnlaget for utvikling av kvalitetsturisme langs kysten. I dette bildet er dei ni fyrstasjonane i fylket, derav fire freda, viktige kulturhistoriske element og grunnlag for reiselivsutvikling. Fylkestinget oppmodar derfor om at det blir oppretta ein eigen budsjettpost for vedlikehald av kystens kulturminner og at denne budsjettposten tilførast friske midlar.

-----

**SAK 54/17      Statens vegvesen sitt handlingsprogram 2018 - 2023(2029), fråsegn**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei overordna prioriteringane i framlegget til handlingsprogrammet 2018-2023. Det er viktig at fornying av riksveg tunnelar etter tunnel-sikkerheitsforkrifta og reduksjon av forfallet på riksvegnettet er prioritert høgt i perioden.
2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane er kritisk til at det er få nye investeringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i første seksårsperiode. Fylkestinget meiner at E39 Myrmel – Lunde kan startast opp snarast og at E39 Bogstunnelen – Gaular grense som er inne i siste periode, må forserast. Vi registrerer at det heller ikkje er inne midlar til E39 Langeland – Moskog.

Fylkestinget registrerer at det er sett av midlar til å gjennomføre utbetring av delstrekningar på E39 Byrkjelo – Sandane i siste seksårsperiode. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen snarast legg fram sikre kostnadsoverslag som grunnlag for val av løysingar og vidare detaljplanlegging og prosjektering, som grunnlag for neste rullering av NTP.



Sidan E39 Byrkjelo-Grodås ikkje er inne i heile tolvårsperioden, må utvalde flaskehalsar på E39 Byrkjelo-Sandane utbetrast i første periode. Samtidig som planarbeidet for vedteken E39-trasé blir framskunda.

Fylkestinget ber vidare om at E39 frå Storehaug (Langeland) til Vassenden (Moskog) kjem inn i siste seksårsperiode.

Fylkestinget syner til at regjeringa har valt Hemsedalsfjellet som trasé for næringstransport. Ei naturleg oppfølging av dette er å gjennomføre ein KVVU for strekninga Håbakken- Skei og vi ber Statens Vegvesen sette i gang dette arbeidet.

- 3 Fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid for Strynefjellet og Vikafjellet i samsvar med merknadene frå Stortinget, slik at desse prosjekta kan koma inn i samband med neste rullering av NTP. Fylkestinget vil understreke at det er svært viktig at vi får utbetra rv. 15 Strynefjellet, både med tanke på trafikktryggleik og framkome. Fylkestinget meiner det er uakseptabelt å ikkje setje tunnelane på Strynefjellet i stand med same frist som tunnelforskriften (innan 2020).

Rv 13 Vikafjellet er stengt svært mange dagar i vinterhalvåret og «isolerer» dermed næringsliv og innbyggjarar i ein heil kommune. I samband med samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar til eitt fylke frå 2020 vil Rv 13 bli ein svært viktig samhandlingsveg mellom administrasjonsstadane Bergen og Leikanger. Veggen må derfor snarast utbetrast, og fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid i samsvar med merknadane i Stortinget slik at prosjektet kan kome inn ved neste rullering av NTP.

- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonen om å redusere forfallet på riksvegane i perioden, særleg på riksvegnettene som skal fornyast m.a. etter krava i tunnelsikkerheits-forskrifta på riksveg.
- 5 Fylkestinget viser til det store behovet for sikring av riks- og fylkesveggar mot skred. Fleire viktige skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane er inne handlingsprogrammet. E39 Våtedalen og E39 Skjærsura, som ligg inne i siste seksårsperiode, må planleggast og prosjekterast slik at dei er klare til utbygging tidleg i siste seksårsperiode. Rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Førde - Florø må sikrast med tunnelar snarast.

Fylkestinget ber departementet om å sørge for at det saman med første rullering av NTP vert laga ein nasjonal 12-års plan for sikring av alle skredpunkt på riks- og fylkesveg innanfor skredfaktorgruppene «høg» og «middels».

- 6 Rammene til skredsikring på fylkesvegnettet fastlagt i Nasjonal transportplan er fordelt mellom fylka i handlingsprogrammet. For å unngå unødig utsetjing av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320, post 62, «Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet», må departementet gi tilsagn om tilskot til fylket tidleg i 2018. Fylkestinget i Sogn og Fjordane registrerer at Sogn og Fjordane vil få ei ramme på om lag 1,2 mrd. kr i første seksårsperiode. Sogn og Fjordane har store utfordringar med skred på fylkesvegnettet. Fylkestinget meiner midlane til tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet må fordelast etter høg skredfare.
- 7 I 2015 vart det innført ei økonomisk kompensasjonsordning i samband med iverksetting av tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesvegnettene. Denne ordninga er føreslegen avvikla frå 2019. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at ordninga vert vidareført i samsvar med intensjonen i Meld. St.33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029.
- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til auka satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling i Nasjonal transportplan generelt. Vi kan ikkje ut frå dette akseptere at det då samtidig er redusert satsing på gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i handlingsprogrammet for 2018-23.

Fylkestinget ber om at fleire gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane som er viktige for trygge skulevegar og/eller mindre bilbruk i tettstadar blir lagt inn i handlingsprogrammet.

- 9 Fylkestinget sluttar seg til Statens vegvesen si satsing på å legge til rette for modulvogntog på riksvegnettet. Kostnader med ev. tilrettelegging for modulvogn på fylkesveg må kompenseras av staten.
- 10 Fylkestinget går i mot forslaget om å avvikle rentekompensasjonsordninga for transporttiltak i fylka, som vart innført i 2010. Ei slik avvikling vil bety at investeringsaktiviteten på fylkesvegnettet går ned og at mange nye og viktige fylkesvegprosjekt ikkje vert realiserte. Fylkestinget minner om at det i Stortingsmeldinga om NTP var lagt til grunn at ordninga skulle halde fram.
- 11 Fylkestinget registrerer at det er sett av 980 mill. kr i statlege midlar til nasjonale turistvegar i perioden 2018 – 2023. Det går ikkje fram av handlingsprogrammet kva desse midlane skal brukast til. Fylkestinget ber difor om ei konkretisering på bruken av dei.
- 12 Fylkestinget stør klimamåla i NTP og ber om at det blir utarbeidd eit eige program for å oppnå måla.
- 13 Ferjeavløysingsordninga må endrast slik at ho kan nyttast til å dekke finansieringskostnader.

### **Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 5 i tilrådinga frå fylkesutvalet: Fylkestinget meiner statens vegvesen si utrekning av skredfaktor bør vere avgjerande i prioritering av prosjekt og ber difor om at Rv 15 over Strynefjellet (KVU) og RV 5 Førde – Florø (begge med rasfaktor på over 5) vert sett i gong før E39 Våtedalen som har rasfaktor på 4,5. Føresetnaden må vere at avsette midlar blir i fylket då Sogn og Fjordane er eit av dei mest rasutsatte fylker.

### **Avrøysting:**

Punkta 1-8 og 10-13 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne. Arbeidarpartiet sitt framlegg om tillegg i punkt 5 fekk 13 røyster, og vart dermed forkasta. Punkt 9 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 1 røyst.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til dei overordna prioriteringane i framlegget til handlingsprogrammet 2018-2023. Det er viktig at fornying av riksveggtunnelar etter tunnel-sikkerheitsforkrifta og reduksjon av forfallet på riksvegnettet er prioritert høgt i perioden.
- 2 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er kritisk til at det er få nye investeringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i første seksårsperiode. Fylkestinget meiner at E39 Myrmel – Lunde kan startast opp snarast og at E39 Bogstunnelen – Gaular grense som er inne i siste periode, må forserast. Vi registrerer at det heller ikkje er inne midlar til E39 Langeland – Moskog.

Fylkestinget registrerer at det er sett av midlar til å gjennomføre utbetring av delstrekningar på E39 Byrkjelo – Sandane i siste seksårsperiode. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen snarast legg fram sikre kostnadsoverslag som grunnlag for val av løysingar og vidare detaljplanlegging og prosjektering, som grunnlag for neste rullering av NTP.

Sidan E39 Byrkjelo-Grodås ikkje er inne i heile tolvårsperioden, må utvalde flaskehalsar på E39 Byrkjelo-Sandane utbetrast i første periode. Samtidig som planarbeidet for vedteken E39-trasé blir framskunda.

Fylkestinget ber vidare om at E39 frå Storehaug (Langeland) til Vassenden (Moskog) kjem inn i siste seksårsperiode.

Fylkestinget syner til at regjeringa har valt Hemsedalsfjellet som trasé for næringstransport. Ei naturleg oppfylgning av dette er å gjennomføre ein KVU for strekninga Håbakken- Skei og vi ber Statens Vegvesen sette i gang dette arbeidet.

- 3 Fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid for Strynefjellet og Vikafjellet i samsvar med merknadene frå Stortinget, slik at desse prosjekta kan koma inn i samband med neste rullering av NTP. Fylkestinget vil understreke at det er svært viktig at vi får utbetra rv. 15 Strynefjellet, både med tanke på trafikktryggleik og framkome. Fylkestinget meiner det er uakseptabelt å ikkje setje tunnelane på Strynefjellet i stand med same frist som tunnelforskriften (innan 2020).

Rv 13 Vikafjellet er stengt svært mange dagar i vinterhalvåret og «isolerer» dermed næringsliv og innbyggjarar i ein heil kommune. I samband med samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar til eitt fylke frå 2020 vil Rv 13 bli ein svært viktig samhandlingsveg mellom administrasjonsstadane Bergen og Leikanger. Vegen må derfor snarast utbetrast, og fylkestinget ber om at det vert gjennomført planarbeid i samsvar med merknadane i Stortinget slik at prosjektet kan kome inn ved neste rullering av NTP.

- 4 Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til intensjonen om å redusere forfallet på riksvegane i perioden, særleg på riksvegtunnelane som skal fornyast m.a. etter krava i tunnelsikkerheits-forskrifta på riksveg.
- 5 Fylkestinget viser til det store behovet for sikring av riks- og fylkesvegar mot skred. Fleire viktige skredsikringsprosjekt på riksvegnettet i Sogn og Fjordane er inne handlingsprogrammet. E39 Våtedalen og E39 Skjærsura, som ligg inne i siste seksårsperiode, må planleggast og prosjekterast slik at dei er klare til utbygging tidleg i siste seksårsperiode. Rv. 15 over Strynefjellet og rv. 5 Førde - Florø må sikrast med tunnelar snarast.

Fylkestinget ber departementet om å sørge for at det saman med første rullering av NTP vert laga ein nasjonal 12-års plan for sikring av alle skredpunkt på riks- og fylkesveg innanfor skredfaktorgruppene «høg» og «middels».

- 6 Rammene til skredsikring på fylkesvegnettet fastlagt i Nasjonal transportplan er fordelt mellom fylka i handlingsprogrammet. For å unngå unødig utsetjing av sikringstiltak, og derav mindreforbruk på kap. 1320, post 62, «Tilskudd til skredsikring på fylkesvegnettet», må departementet gi tilsagn om tilskot til fylket tidleg i 2018. Fylkestinget i Sogn og Fjordane registrerer at Sogn Fjordane vil få ei ramme på om lag 1,2 mrd. kr i første seksårsperiode. Sogn og Fjordane har store utfordringar med skred på fylkesvegnettet. Fylkestinget meiner midlane til tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet må fordelast etter høg skredfare.
- 7 I 2015 vart det innført ei økonomisk kompensasjonsordning i samband med iverksetting av tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesvegtunnelar. Denne ordninga er føreslegen avvikla frå 2019. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ber om at ordninga vert vidareført i samsvar med intensjonen i Meld. St.33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029.
- 8 Fylkestinget i Sogn og Fjordane er positiv til auka satsing på kollektivtrafikk, gåing og sykling i Nasjonal transportplan generelt. Vi kan ikkje ut frå dette akseptere at det då samtidig er redusert satsing på gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane i handlingsprogrammet for 2018-23.

Fylkestinget ber om at fleire gang- og sykkeltiltak på riksvegnettet i Sogn og Fjordane som er viktige for trygge skulevegar og/eller mindre bilbruk i tettstadar blir lagt inn i handlingsprogrammet.

- 9 Fylkestinget sluttar seg til Statens vegvesen si satsing på å legge til rette for modulvogntog på riksvegnettet. Kostnader med ev. tilrettelegging for modulvogn på fylkesveg må kompenseras av staten.
- 10 Fylkestinget går i mot forslaget om å avvikle rentekompensasjonsordninga for transporttiltak i fylka, som vart innført i 2010. Ei slik avvikling vil bety at investeringsaktiviteten på fylkesvegnettet går ned og at mange nye og viktige fylkesvegprosjekt ikkje vert realiserte. Fylkestinget minner om at det i Stortingsmeldinga om NTP var lagt til grunn at ordninga skulle halde fram.
- 11 Fylkestinget registrerer at det er sett av 980 mill. kr i statlege midlar til nasjonale turistvegar i perioden 2018 – 2023. Det går ikkje fram av handlingsprogrammet kva desse midlane skal brukast til. Fylkestinget ber difor om ei konkretisering på bruken av dei.
- 12 Fylkestinget stør klimamåla i NTP og ber om at det blir utarbeidd eit eige program for å oppnå måla.
- 13 Ferjeavløysingsordninga må endrast slik at ho kan nyttast til å dekke finansieringskostnader.

-----

**SAK 55/17      Ferjeavløysing - Ytre Steinsund i Solund kommune**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget sluttar seg til at det skal søkjast om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru ut frå dagens kostnadsnøkkel i inntektssystemet (2017).
2. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent reguleringsplan for prosjektet før søknaden vert sendt.
3. Fylkestinget set som føresetnad at det føreligg godkjent kostnadsoverslag for prosjektet med forventa kostnad under 750 mill. kr.
4. Søknaden om ferjeavløysingsmidlar for fv. 606 Ytre Steinsund bru, slik den framgår av vedlegg 1, vert sendt til Statens vegvesen innan 31.12.2017.
5. Fylkestinget har som intensjon å realisere prosjektet fv. 606 Ytre Steinsund bru som eit ferjeavløysingsprosjekt. Fylkestinget vil ta endeleg stilling til oppstart av prosjektet etter at søknaden om ferjeavløysingsmidlar er behandla i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

-----

**SAK 57/17      Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2018 - 2027, godkjenning**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Fylkestinget godkjenner framlegget til Regional transportplan 2018 - 2023 med følgjande endringar:

- a. Det må innarbeidast eit avsnitt om Nasjonale turistveggar
  - b. Det må innarbeidast eit avsnitt om Stad skipstunnel
  - c. Det må innarbeidast ei avsnitt om vassdirektivet som klargjer fylkeskommunen sitt ansvar som vegeigar.
  - d. Innarbeide realisering av rv. 13 Vikafjellet som ein strategi under 9.4.1
  - e. Skifte ut kulepunkt 7 under "Delmål" i kap 4.1 Fylkesveg - mål med følgjande tekst:  
*"Legge til rette for raskast mogleg overgang frå bruk av fossile drivstoff til nullutsleppskøyretøy på vegnettet"*
  - f. Skifte ut underpunkt 2 og 3 til kulepunkt 8 under "delmål" i kap 4.1 Fylkesveg med følgjande tekst:
    - *Det samla talet på daglege reiser til fots eller på sykkel i Sogn og Fjordane skal auke til 35 % innan 2027*
    - *Talet på syklande skal auke årleg i planperioden i dei 10 største tettstadane i fylket.*
  - g. Endre formuleringa av hovudmål under kap 5.1 (Kollektivtrafikk - mål) som følgjer:  
*Kollektivtilbodet skal vere godt og tenleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane og for alle som vitjar eller er på gjennomreise i fylket.*
  - h. Tillegg under punkt 5.5.1: Det vert lagt til rette for fleksibel skuleskyss, slik at born og unge lettare kan delta i sosiale aktivitetar etter skuletid. Avgjerd om behovet blir gjort etter ein prosess mellom aktuelle kommunar og fylkeskommune
- 2 Fylkestinget godkjenner handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2027 med følgjande endring:
- a. I kapittel 5 i handlingsprogrammet (kollektivtransport) skal det inn eit nytt tiltak under 5.4.2: Greie ut konsekvensane ved å flytte seglingsleia for ekspressbåtane på kysten frå Krakhella til Hardbakke i samband med førebuingar til ny anbodsutlysing.
  - b. Det vert laga planar for Hurtigbåt mellom Bergen og Ålesund slik at denne ruta er klar til Stadt skipstunnel vert opna
  - c. Fylkeskommunen skal vere med på å legge tilrette for nullutsleppsteknologi i samband med nytt anbod på hurtigbåtane som trafikkerer fylket.
- 3 A. Fylkestinget godkjenner framlegget til investeringsprogram, som vert å innarbeide i den endelege transportplanen med slike endringar:
- Det skal lagast finansieringsplan for realisering av Ytre Steinsund som ferjeavløysingsprosjekt
  - HS ber FU om å setje dette opp som eiga sak i Fylkestinget i desember, med sikte på å sende søknad innan nyttår for mulig realisering etter gamal ordning.
  - Det vert sett av kr. 60 mill. til delprosjekt på Fv 57 Dale-Storehaug til oppstart av parsellar i Fjaler og Gaular. Det må reknast på bompengepotensialet på strekninga og førebuast ein bompengesøknad, jamfør samrøystes prinsippvedtak i både Fjaler og Gaular.
  - Ramma til mindre utbetringar vert utvida med 40 millionar, fordelt med 10 millionar kvart år i perioden
    - o I denne potten skal prosjekt knytt til Fv 724 Oldedalen og Fv 615 Hyen – Storebru vurderast.
  - Gang og sykkelveggar
    - o Legge inn planleggingsmidlar til strekningstiltak på Sandane – Fitje i 2019
  - Skredsikring
    - o Fv 55 Kjenes inn med 100 millionar i 2021 til erstatning for « Udisponert – oppstart av nytt stort prosjekt». Prosjektet vert fullfinansiert i 2022 og 2023.
    - o Det vert løyvd midlar til vidare planlegging av rassikring av Fv 609 Heilevang.
  - Det må lagast ein finansieringsplan for å synleggjer dei økonomiske konsekvensane for å kunne starte opp Svelgen - Indrehus, som står øverst på prioriteringslista.

- Fylkestinget set av planleggingsmidlar til detaljplanlegging for Atløysambandet i første periode i RTP. Søknad om ferjeavløysning vert handsama når sambandet er detaljplanlagt. Så tek vi ut Atløysambandet av store prosjekt.
- Investeringsramma til gang- og sykkelveggar vert auka frå 98 til 120 mill kr. Auken på 22 mill kr vert sett av til å auke ramma til enkle fysiske tiltak i sentrumsområda frå 18 til 40 mill kr.
- Låneramma vert utvida for å finansiere dette.

B. I tillegg vert det laga fylgjande marginalliste for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt:

Store investeringar:

1. Fv 614 Svelgen – Indrehus
2. Fv 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet
3. Kryssing Nordfjorden, Tongane - Biskjelsneset
4. Fv 55 Høyheimsvik – Nes
5. Fv 614 Haukå - Myklebust
6. Fv 55 Dale sentrum i Luster
7. Fv 13 Røyrvikfjellet (tunnel)

Mindre investeringar:

1. Fv 609 Stongfjorden – Askvoll (25 mill)
2. Fv 55 Tronvik – Ulvåna (50 mill)
3. Fv 620 Kjøde – Sandvik (ca 40 mill)
4. Fv 606 Møteplassar - Dumbesvingane i Solund
5. Fv 50 Strølager – Øyestølen
6. Fv 622 Snuplass Raudeberg
7. Fv 614 Piggig av fjell rundt sving v/Langeneset
8. Fv 662 Nordfjordeid – Torheim
9. Fv 57 Nautsund Store bru
10. Fv 271 Øye bru
11. Fv 121 Vetlevange bru
12. Fv 618 Eide – Allmenning
13. osv

Gang- og sykkelveggar

1. Fv 615 Sandane – Fitje
2. Fv 60 Loen – Rake (Stryn)
3. Fv 271 Ofta aust – Sviggum (Lærdal)
4. Fv 545 Michael Sarsgate (Florø)
5. Fv 700 Sandane – Austrheim (Gloppen)

Skredsikring:

1. Fv 609 Heilevang
2. Fv 92 Arnafjorden
3. Fv 664 Navelsaker
4. Fv 616 Davikstranda
5. Fv 13 Matbjøra
6. Fv 724 Heimefonna

I tillegg skal det vurderast skredvarsling for Fv 723 Merkingsgjølet.

- 4 Fylkestinget legg til grunn Statens vegvesen si tilråding til traseval for Kystvegen. Traseen vert fastlagt slik:
- Kystvegen skal følgje dagens trase på fv. 57 frå Sløvåg i Gulen kommune til Dale i Fjaler kommune med omleggingar der kurvaturen på veggen er for dårleg. Ferjestrekninga Rutledal - Rysjedalsvika vert oppretthalden som i dag.
  - Frå Dale og nordover skal kystvegen gå i ny tunnel direkte frå Dalsfjordbrua til Kvammen ved Førdefjorden i Askvoll kommune. Vidare vil Kystvegen krysse Førdefjorden med bru over Ålesundet og gå vidare vekselvis i tunnel og line i dagen via Redal og rett nordover via Osa til påkopling med rv. 5 rett vest for Storebru.
  - Kystvegen går vidare langs rv. 5 vest for Storebru til Grov og derifrå til Haukå. Frå Haukå går traseen i tunnel til Myklebustdalen. Frå Indrehus går traseen i tunnel til Svelgen og vidare til Sørдалen med oppgradering av veggen og to nye tunnelar.
  - Siste del av kystvegen følgjer dagens veg til Rugsundøya, der den tek av mot Tongane og med mål om bru over Nordfjorden til Biskjelneset. Deretter koplars traseen seg på rv. 15 og følgjer den til Bryggja og vidare med utbetring av fv. 61 til Naveosen.
  - Ferjesambandet Stårheim - Isane vert oppretthalde.
- 5 Fylkestinget godkjenner framlegget til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane. Strategien skal innarbeidast i den endelege transportplanen.
- 6 Sykkelbyavtalen med Førde vert forlenga med 4 år gjeldande frå 01.01.18 til 31.12.21. Kostnaden, kr 180 000,- pr. år, vert å innarbeide i dei årlege budsjetta. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme og signere avtalen. Fylkesrådmannen får tilsvarande fullmakt til forlengje sykkelbyavtalen med Flora kommune når den går ut 31.12.18.

### **Endringsframlegg:**

#### **Punkt 1, framlegg frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

Kystvegen som nytt totalprosjekt, slik dette er presentert, blir avslutta. Eksisterande fylkesvegnett langs kysten oppgraderast og vedtekte utbetningsprosjekt gjennomførast. Som erstatning for vidare ressursbruk til kystvegplanlegging, startast det eit utgreiingsarbeid for å etablere eit utsleppsfritt sjøtransportssystem for gods og passasjertransport, langs kysten av Sogn og Fjordane, inkludert pendlarrute Flørø - Førde t/r. Eit slikt sjøtransportssystem settast i samanheng med bygging, opning og drift av Stadt skipstunnell og Kalvåg Fiskerihavn. Målsettingar med å etablere eit utsleppsfritt sjøtransportssystem er å binde saman kysten av fylket sjøvegen, etablere vestlandet frå Rogaland til Møre og Romsdal som den leiande sjøtransportregionen i EU, redusere direkte og indirekte klimagassutslepp frå transport, finne etterspurte framtidsløysingar innanfor langt meir realistiske kostnadsrammer enn Kystvegen representerer, samt å bidra til teknologiutvikling og sysselsetning av maritim industri.

#### **Punkt 1, underpunkt e, framlegg om tillegg frå Venstre**

##### **Ferjeavløysing**

Å arbeide for å erstatte ferjer med bru (ferjeavløysing) både på riks- og fylkesvegnettet vil vere god samfunnsøkonomi, og særleg viktig for næringslivet og for utviklinga av større BAS-regionar.

Stortinget vedtok samrøystes i handsaminga av Nasjonal Transportplan 2018-29 at ein vil arbeide for realisering av fleire ferjeavløysingsprosjekt, og at det bør leggjast til rette for pilotprosjekt og FoU-kontrakter som kan bidra til reduserte kostnader og kortare byggjetid for nye bruer. Stortinget fastslo også at det skal gjelde 40 års ferjeavløysing både for fylkes- og riksvegferjer, og at det bør leggjast til rette for større fleksibilitet i tidsramma for brukarbetaling i ferjeavløysingsprosjekt der det er lokalt ynskje om dette.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at ein i vårt fylke kan kome tidleg i gang med dei pilotprosjekta og FoU-prosjekta Stortinget varslar innanfor ferjeavløysing, både på riks- og fylkesvegnettet.

**Punkt 1, framlegg om nye underpunkt frå Venstre**

Nytt kulepunkt under kap 5.4.2 (Ruteproduksjon - tiltak):

"Informasjonstiltak for å oppmode til delingsløyningar som t.d. samkøyrings-applikasjon"

Nytt punkt 6.4 Digitalisering i kapitelet om trafikktryggleik:

"6.4 Digitalisering

Utvikle Sogn og Fjordane til å bli ein stad der digitalisering og bruk av ny teknologi blir ein systematisk del av arbeidet med å betre trafikktryggleiken.

6.4.1 Strategiar

Utvikle strategi for at digitalisering blir ein systematisk del av arbeidet med trafikktryggleik.

6.4.2 Tiltak

Utvikle visjon for digitalisering av trafikktryggleiksarbeidet.

Legge forholde til rette for samarbeid med gründermiljø og aktuelle teknologileverandørar".

**Punkt 1, framlegg til nytt underpunkt frå Arbeidarpartiet:**

Forslag til endring av delmål pkt 2.5 og 8 skredsikring

Endra kulepunkt 2

I samband med første rullering av NTP må det utarbeidast ein nasjonal, heilskapleg 12-årsplan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet for skredpunkta innan høg og middels skredfaktor. Rammene for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet må aukast tilstrekkeleg til at dette kan gjennomførast.

Endra kulepunkt nr 3

Ved første rullering av RTP må det utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring på fylkesvegnettet.

**Punkt 3A, strekpunkt om Svelgen - Indrehus, framlegg frå Arbeidarpartiet:**

Det vert laga følgjande finansieringsplan for realisering av Svelgen - Indrehus:

2020 oppstart 15 mill

2021 150 mill

Prosjektet vert fullfinansiert i åra 2022 - 2024

Arbeidet med reguleringsplanen vert starta første halvdel 2018.

**Punkt 3A, strekpunkt om Svelgen - Indrehus, framlegg frå Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti:**

Det vert sett av planleggingsmidlar til parsell Svelgen-Indrehus på Kystvegen.

**Punkt 3A og 3B, framlegg frå Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti:**

Punkt 3A, andre strekpunkt blir teke bort.

Punkt 3A, tredje strekpunkt: Byte «oppstart av parsellar» med «delstrekningar».

Punkt 3A, femte strekpunkt: Tillegg: ... og Loen - Solvik i 2020.

Punkt 3A, åttande kulepunkt: Ta ut siste setning.

Punkt 3B, store investeringar: Ta inn nytt punkt 7; Fv 615 Sandane - Storebru. Flytte Fv 13 Røyrvikfjellet til punkt 8.

Punkt 3B, mindre investeringar:

- Byte punkt 9 Fv 57 Nautsund Store bru med Fv 607 Leirvik - Lavik
- Ta bort punkt 13 frå lista.

Punkt 3B, gang og sykkelvegar: Legge til som nr 6 på lista: Fv 542 Eikefjord sentrum - Rv 5 Kvalvika

Punkt 3B, skredsikring: Legge til som nr 7: Fv 615 Hopsstranda.

**Punkt 4, kulepunkt 2 og 3, framlegg frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

Kulepunkt 2:

Frå Dale og nordover skal kystvegen følgje dagens trasè over Dalsfjordbrua til Kvammen ved Førdefjorden i Askvoll kommune. Vidare vil Kystvegen krysse Førdefjorden med utsleppsrie ferger



over Ålesundet og gå vidare austover til Naustdal og vestover via Stavang på oppgraderte trasèar. Sør for Eikefjord byggast ny trasè aust for Eikefjord sentrum med påkopling til rv.5.

Kulepunkt 3:

Kystvegen går vidare langs rv. 5 vestover til Grov og derifrå til Haukå. Frå Haukå følger traseen eksisterande veg som blir opprusta til Indrehus . Frå Indrehus opprustast eksisterande veg til Svelgen og vidare til Sørvalen med oppgradering av vegen og to nye tunnelar.

**Punkt 4, kulepunkt 3, framlegg frå Arbeidarpartiet:**

Kystvegen går vidare langs Rv5 vest for Storebru til Grov. Derifrå skal vegen gå enten til Haukå med tunnel vidare til Myklebustdalen, eller til Brandsøy med bru via Grøneng og Terøy til fastlandet og vidare med tunnel til Myklebustdalen. Endeleg val av trase vert fastlagt i samband med planarbeidet.

**Punkt 4, kulepunkt 4, framlegg frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

Siste del av Kystvegen følgjer dagens veg til Rugsundøya, der den tek av mot Tongane. Kryssinga av Nordfjorden skal gjennomførast av utslepssfrie ferger. Deretter koplar traseen seg på rv. 15 og følgjer den til Bryggja og vidare med utbetring av fv. 61 til Naveosen.

**Punkt 4, kulepunkt 4, framlegg frå Arbeidarpartiet:**

Nordre del av kystvegen følgjer dagens veg til Rugsundsøya, der den tek av mot Tongane og med bru over Nordfjorden til Biskjelneset. Deretter koplar traseen seg på Rv15 og følgjer den til Bryggja og vidare med utbetring av Fv 61 til Naveosen.

**Punkt 6, framlegg til tillegg frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

Avtalane føreset at dei to sykkelbyane legg fram bindande planar for reduksjon av biltrafikk i løpet av første avtaleår. Reduksjonsmåla forventast å vere minimum 20% gjennom avtaleperioden målt ut frå dagens biltrafikk i kvar by.

Det samla talet på daglege reiser til fots eller på sykkel i Sogn og Fjordane skal auke til 35% innan 2027. Talet på syklande skal auke årleg i planperioden i dei 10 største tettstadane i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal vere ein aktiv samarbeidspartnar og inngå sykkelavtaler for å nå mål om auka sykkelbruk også i andre tettstader i Sogn og Fjordane enn Førde og Florø.

**Nytt punkt 7, frå Venstre:**

Fylkestinget ber Fylkesrådmannen på eigna måte starte arbeid med ei sak om dei store teknologiske endringane som held på å skje i transportsektoren (digitalisering, forarlause køyretøy, andre teknologiske nyvinningar), jmf tilsvarende omtale i ny NTP, og kva følgjer dette får for framtidens transportsystem.

**Nytt punkt 8, frå Miljøpartiet Dei Grøne:**

Fylkestinget ber om at det blir utarbeidd eit eige program for å oppnå klimamåla i RTP.

**Avrøysting:**

**Punkt 1:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst, og vart forkasta.  
Framlegget frå Venstre om ferjeavløysing vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Venstre om ruteproduksjon og digitalisering vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.  
Fylkesutvalet si tilråding, med vedtekne delrøystingar som vist over, vart samrøystes vedteken.

**Punkt 2:**

Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Punkt 3:**

Framlegget frå Arbeidarpartiet om endring i sjuande kulepunkt fekk 17 røyster, og vart vedteke.  
Framlegget frå Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti om endring i sjuande kulepunkt fekk 14 røyster, og vart forkasta.  
Framlegget frå Senterpartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Venstre og Sosialistisk Venstreparti om andre endringar vart samrøystes vedteke.

Fylkesutvalet si tilråding, med vedtekne delrøystingar som vist over, vart samrøystes vedteken.

**Punkt 4:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne om endring i kulepunkt 2 og 3 fekk 1 røyst, og vart forkasta. Fylkesutvalet si tilråding i kulepunkt 1 vart samrøystes vedteken, Fylkesutvalet si tilråding i kulepunkt 2 vart vedteken mot 1 røyst.

Framlegget frå Arbeidarpartiet om endring i kulepunkt 3 fekk 13 røyster, og vart forkasta. Fylkesutvalet si tilråding i kulepunkt 3 fekk 18 røyster, og vart vedteke.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne om endring i kulepunkt 4 fekk 1 røyst, og vart forkasta. Framlegget frå Arbeidarpartiet om endring i kulepunkt 4 fekk 21 røyster, og vart vedteke. Fylkesutvalet si tilråding i kulepunkt 4 fekk 9 røyster, og vart forkasta.

**Punkt 5:**

Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Punkt 6:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst, og vart forkasta. Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Nytt punkt 7:**

Framlegget frå Venstre fekk 21 røyster og vart vedteke.

**Nytt punkt 8:**

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 4 røyster, og vart forkasta.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Fylkestinget godkjenner framlegget til Regional transportplan 2018 - 2023 med følgjande endringar:
  - a. Det må innarbeidast eit avsnitt om Nasjonale turistvegar
  - b. Det må innarbeidast eit avsnitt om Stad skipstunnel
  - c. Det må innarbeidast ei avsnitt om vassdirektivet som klargjer fylkeskommunen sitt ansvar som vegeigar.
  - d. Innarbeide realisering av rv. 13 Vikafjellet som ein strategi under 9.4.1
  - e. Ferjeavløysing:

Å arbeide for å erstatte ferjer med bru (ferjeavløysing) både på riks- og fylkesvegnettet vil vere god samfunnsøkonomi, og særleg viktig for næringslivet og for utviklinga av større BAS-regionar.

Stortinget vedtok samrøystes i handsaminga av Nasjonal Transportplan 2018-29 at ein vil arbeide for realisering av fleire ferjeavløysingsprosjekt, og at det bør leggast til rette for pilotprosjekt og FoU-kontrakter som kan bidra til reduserte kostnader og kortare byggjetid for nye bruer. Stortinget fastslo også at det skal gjelde 40 års ferjeavløysing både for fylkes- og riksvegferjer, og at det bør leggast til rette for større fleksibilitet i tidsramma for brukarbetaling i ferjeavløysingsprosjekt der det er lokalt ynskje om dette.

Sogn og Fjordane fylkeskommune er positive til at ein i vårt fylke kan kome tidleg i gang med dei pilotprosjekta og FoU-prosjekta Stortinget varslar innanfor ferjeavløysing, både på riks- og fylkesvegnettet."
  - f. Skifte ut kulepunkt 7 under "Delmål" i kap 4.1 Fylkesveg - mål med følgjande tekst:

*"Legge til rette for raskast mogleg overgang frå bruk av fossile drivstoff til nullutsleppskøyretøy på vegnettet".*
  - g. Skifte ut underpunkt 2 og 3 til kulepunkt 8 under "delmål" i kap 4.1 Fylkesveg med følgjande tekst:

- Det samla talet på daglege reiser til fots eller på sykkel i Sogn og Fjordane skal auke til 35 % innan 2027
- Talet på syklande skal auke årleg i planperioden i dei 10 største tettstadane i fylket.

h. Endre formuleringa av hovudmål under kap 5.1 (Kollektivtrafikk - mål) som følgjer: *Kollektivtilbodet skal vere godt og tenleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane og for alle som vitjar eller er på gjennomreise i fylket.*

- i. Tillegg under punkt 5.5.1: Det vert lagt til rette for fleksibel skuleskyss, slik at born og unge lettare kan delta i sosiale aktivitetar etter skuletid. Avgjerd om behovet blir gjort etter ein prosess mellom aktuelle kommunar og fylkeskommune.
- j. Nytt kulepunkt under kap 5.4.2 (Ruteproduksjon - tiltak):  
Informasjonstiltak for å oppmunde til delingsløyisingar som t.d. samkøyringsapplikasjon
- k. Nytt punkt 6.4 Digitalisering i kapittelet om trafikktryggleik:  
6.4 Digitalisering  
Utvikle Sogn og Fjordane til å bli ein stad der digitalisering og bruk av ny teknologi blir ein systematisk del av arbeidet med å betre trafikktryggleiken.  
6.4.1 Strategiar  
Utvikle strategi for at digitalisering blir ein systematisk del av arbeidet med trafikktryggleik.  
6.4.2 Tiltak  
Utvikle visjon for digitalisering av trafikktryggleiksarbeidet.  
Legge forholda til rette for samarbeid med gründermiljø og aktuelle teknologileverandørar.

l. Forslag til endring av delmål pkt 2.5 og 8 skredsikring:

Endra kulepunkt 2:

I samband med første rullering av NTP må det utarbeidast ein nasjonal, heilskapleg 12-årsplan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet for skredpunkta innan høg og middels skredfaktor. Rammene for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet må aukast tilstrekkeleg til at dette kan gjennomførast.

Endra kulepunkt nr 3:

Ved første rullering av RTP må det utarbeidast ein heilskapleg plan for skredsikring på fylkesvegnettet.

- 2 Fylkestinget godkjenner handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018 – 2027 med følgjande endring:
- a. I kapittel 5 i handlingsprogrammet (kollektivtransport) skal det inn eit nytt tiltak under 5.4.2: Greie ut konsekvensane ved å flytte seglingsleia for ekspressbåtane på kysten frå Krakhella til Hardbakke i samband med førebuingar til ny anbudsutlysing.
  - b. Det vert laga planar for Hurtigbåt mellom Bergen og Ålesund slik at denne ruta er klar til Stadt skipstunnel vert opna
  - c. Fylkeskommunen skal vere med på å legge tilrette for nullutsleppsteknologi i samband med nytt anbod på hurtigbåtane som trafikkerer fylket.
- 3 A. Fylkestinget godkjenner framlegget til investeringsprogram, som vert å innarbeide i den endelege transportplanen med slike endringar:
- Det skal lagast finansieringsplan for realisering av Ytre Steinsund som ferjeavløysingsprosjekt
  - Det vert sett av kr. 60 mill. til delprosjekt på Fv 57 Dale-Storehaug til delstrekningar i Fjaler og Gaular. Det må reknast på bompengepotensialet på strekninga og førebuast ein bompengesøknad, jamfør samrøystes prinsippvedtak i både Fjaler og Gaular.

- Ramma til mindre utbetringar vert utvida med 40 millionar, fordelt med 10 millionar kvart år i perioden
  - o I denne potten skal prosjekt knytt til Fv 724 Oldedalen og Fv 615 Hyen – Storebru vurderast.
- Gang og sykkelveggar
  - o Legge inn planleggingsmidlar til strekningstiltak på Sandane – Fitje i 2019, og Loen-Solvik i 2020.
- Skredsikring
  - o Fv 55 Kjenes inn med 100 millionar i 2021 til erstatning for « Udisponert – oppstart av nytt stort prosjekt». Prosjektet vert fullfinansiert i 2022 og 2023.
  - o Det vert løyvd midlar til vidare planlegging av rassikring av Fv 609 Heilevang.
- Det vert laga følgjande finanisieringsplan for realisering av Svelgen – Indrehus:  
2020: oppstart 15 mill.  
2021: 150 mill.  
Prosjektet vert fullfinansiert i åra 2022 – 2024.  
Arbeidet med reguleringsplanen vert starta første halvdel 2018.
- Fylkestinget set av planleggingsmidlar til detaljplanlegging for Atløysambandet i første periode i RTP. Søknad om ferjeavløysning vert handsama når sambandet er detaljplanlagt.
- Investeringsramma til gang- og sykkelveggar vert auka frå 98 til 120 mill kr. Auken på 22 mill kr vert sett av til å auke ramma til enkle fysiske tiltak i sentrumsområda frå 18 til 40 mill kr.
- Låneramma vert utvida for å finansiere dette.

B. I tillegg vert det laga følgjande marginalliste for prioritering av ikkje oppstarta prosjekt:

Store investeringar:

1. Fv 57 Nishammaren – Storehaug m/bru over Svesundet
2. Kryssing Nordfjorden, Tongane - Biskjelsneset
3. Fv 55 Høyheimsvik – Nes
4. Fv 614 Haukå - Myklebust
5. Fv 55 Dale sentrum i Luster
6. Fv 615 Sandane – Storebru
7. Fv 13 Røyrvikfjellet (tunnel)

Mindre investeringar:

1. Fv 609 Stongfjorden – Askvoll (25 mill)
2. Fv 55 Tronvik – Ulvåna (50 mill)
3. Fv 620 Kjøde – Sandvik (ca 40 mill)
4. Fv 606 Møteplassar - Dumbesvingane i Solund
5. Fv 50 Strølager – Øyestølen
6. Fv 622 Snuplass Raudeberg
7. Fv 614 Pigging av fjell rundt sving v/Langeneset
8. Fv 662 Nordfjordeid – Torheim
9. Fv 607 Leirvik – Lavik
10. Fv 271 Øye bru
11. Fv 121 Vetlevange bru
12. Fv 618 Eide – Allmenning

Gang- og sykkelveggar

1. Fv 615 Sandane – Fitje
2. Fv 60 Loen – Rake (Stryn)
3. Fv 271 Ofta aust – Sviggum (Lærdal)
4. Fv 545 Michael Sarsgate (Florø)
5. Fv 700 Sandane – Austrheim (Gloppen)
6. Fv 542 Eikefjord sentrum – Rv 5 Kvalvika

Skredsikring:

1. Fv 609 Heilevang
2. Fv 92 Arnafjorden
3. Fv 664 Navelsaker
4. Fv 616 Davikstranda
5. Fv 13 Matbjøra
6. Fv 724 Heimefonna
7. Fv 615 Hopsstranda.

I tillegg skal det vurderast skredvarsling for Fv 723 Merkingsgjølet.

- 4 Fylkestinget legg til grunn Statens vegvesen si tilråding til traseval for Kystvegen. Traseen vert fastlagt slik:
  - Kystvegen skal følgje dagens trase på fv. 57 frå Sløvåg i Gulen kommune til Dale i Fjaler kommune med omleggingar der kurvaturen på vegen er for dårleg. Ferjestrekninga Rutledal - Rysjedalsvika vert oppretthalden som i dag.
  - Frå Dale og nordover skal kystvegen gå i ny tunnel direkte frå Dalsfjordbrua til Kvammen ved Førdefjorden i Askvoll kommune. Vidare vil Kystvegen krysse Førdefjorden med bru over Ålesundet og gå vidare vekselvis i tunnel og line i dagen via Redal og rett nordover via Osa til påkopling med rv. 5 rett vest for Storebru.
  - Kystvegen går vidare langs rv. 5 vest for Storebru til Grov og derifrå til Haukå. Frå Haukå går traseen i tunnel til Myklebustdalen. Frå Indrehus går traseen i tunnel til Svelgen og vidare til Sør dalen med oppgradering av vegen og to nye tunnelar.
  - Nordre del av kystvegen følgjer dagens veg til Rugsundsøya, der den tek av mot Tongane og med bru over Nordfjorden til Biskjelneset. Deretter koplar traseen seg på Rv15 og følgjer den til Bryggja og vidare med utbetring av Fv 61 til Naveosen.
  - Ferjesambandet Stårheim - Isane vert oppretthalde.
- 5 Fylkestinget godkjenner framlegget til gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane. Strategien skal innarbeidast i den endelege transportplanen.
- 6 Sykkelbyavtalen med Førde vert forlenga med 4 år gjeldande frå 01.01.18 til 31.12.21. Kostnaden, kr 180 000,- pr. år, vert å innarbeide i dei årlege budsjetta. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme og signere avtalen. Fylkesrådmannen får tilsvarande fullmakt til forlengje sykkelbyavtalen med Flora kommune når den går ut 31.12.18.
- 7 Fylkestinget ber fylkesrådmannen på eigna måte starte arbeid med ei sak om dei store teknologiske endringane som held på å skje i transportsektoren (digitalisering, førarlose køyretøy, andre teknologiske nyvinningar), jf. tilsvarande omtale i ny NTP, og kva følgjer dette får for framtidens transportsystem.

**VEDTAK:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017**

- 1 Rammetilskotet vert auka med 32,390 mill. kr.
- 2 Driftsmidlar overført til investering vert auka med 2,996 mill. kr.
- 3 Rente- og avdragsinntekter vert auka med samla 0,415 mill. kr.
- 4 Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	29,540 mill. kr
Renteutgifter	50,500 mill. kr
Avdrag	123,536 mill. kr
- 5 Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,500 mill. kr.
- 6 Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 21,483 mill. kr.  
Sektorbudsjetta vert auka med 15,668 mill. kr.
- 7 Teneste 4200 Administrasjon vert redusert med 0,700 mill. kr.
- 8 Teneste 4600 vert auka med 0,500 mill. kr.
- 9 Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert redusert med 1,000 mill. kr.
- 10 Sektorbudsjettet til opplæring vert endra slik:

*Teneste 5210 Utdanningsprogramma, utstyrløyvingane til skulane, vert redusert med 1,940 mill. kr.*

*Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 2,500 mill. kr*

*Teneste 5202 Gjesteelevar vert auka med 1,100 mill. kr*

*Teneste 5210 Utdanningsprogramma, avsett buffer, vert redusert med 6,700 mill. kr.*

*Teneste 5701 Tilskot til lærebedrifter vert auka med 11,000 mill. kr.*
- 11 Samla vert avsetjing til disposisjonsfond auka med 29,125 mill. kr.
- 12 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved ei avsetjing til bufferfondet på 7,239 mill. kr.
- 13 Fylkestinget omdisponerer tidlegare avsette fondsmidlar på samla 10,386 mill. kr til bufferfondet, balansekonto 25699905. Avsetjingane fordelar seg med 7,944 mill. kr på disposisjonsfond og 2,442 mill. kr på bundne fond, jf. tabell i saksutgreiinga.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017**

- 1 Investeringsprogrammet for bygg vert auka med samla 3,481 mill. kr til 311,276 mill. kr, med følgjande endringar i finansieringsplanen:

Driftsmidlar til investering	vert auka med 2,996 mill. kr til 5,544 mill. kr
Kompensasjon for meirverdiavgift	vert auka med 0,485 mill. kr til 26,046 mill. kr.
- 2 Inntekter frå sal av anleggsmidlar vert auka med 6,850 mill. kr. Inntektene, med fråtrekk for eventuelle salskostnadar, vert tilført kapitalfondet.
- 3 Utbytte vert auka med 155,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarande.

-----//-----

Fylkestinget vurderte habiliteten til Trude Brosvik og fann ho habil til å ta del i handsaminga av saka.

**SAK 59/17      Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021****Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjett skjema 1A og 1B, slik:

1 A (tal i mill. kr)	Budsjett 2018
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1707,414
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2414,661</b>
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,400
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,100
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-83,460</b>
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	82,660
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,685
Bruk av bundne avsettingar	0,000
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-51,975</b>
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,226
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2277,226</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2018
<b>400</b>	POLITISK STYRING	48,050
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,830
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	82,322
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135

## Møteprotokoll Fylkestinget 05.12.2017

<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
<b>460</b>	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>178,265</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
<b>520</b>	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
<b>521-533</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
<b>554</b>	FAGSKULE	10,629
<b>559</b>	LANDSLINER	5,514
<b>561</b>	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
<b>581</b>	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>856,860</b>
<b>660</b>	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
<b>665</b>	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81,635</b>
<b>701</b>	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
<b>716</b>	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,766
<b>750</b>	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970
<b>760</b>	MUSEUM	16,225
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	10,510
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	12,162
<b>775</b>	IDRETT	2,814
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>145,487</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR	583,437
<b>730</b>	BILRUTER	238,024
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	128,370
<b>732</b>	BÅTRUTER	105,170
<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1 065,979</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2 277,226</b>

- 4 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:



	Budsjett 2018
<b>2A (tal i mill. kr)</b>	
Investeringar i anleggsmidlar	442,002
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekkka	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov inneverande år</b>	<b>444,002</b>
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	187,800
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	84,302
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	379,102
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
<b>Sum finansiering</b>	<b>444,002</b>
<b>Udekkka/udisponert</b>	<b>0,000</b>

	Budsjett 2018
<b>2B (tal i mill. kr)</b>	
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	262,900
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
<b>Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A</b>	<b>444,002</b>

- 5 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
- 6 Fylkesutvalet si tilråding til fylkestinget, vedteken i sak 123/17, vert justert slik:
- Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.
  - Investeringsprogrammet med tilhøyrande finansieringsprogram vert auka med samla 892 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:

Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr  
Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020  
Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr  
Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr

Tilhøyrande kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.

- c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

### **Endringsframlegg:**

**Fylkestinget** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkestinget syner til FT-vedtak 27/17 der Fylkestinget uttrykte at ein er positive til realisering av ny innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget ber om at søknaden frå Flora kommune om økonomisk støtte til hallen vert vurdert saman med andre søknader, blant anna søknadane frå Fjaler og Stryn, opp i mot regionale planar og økonomiske føresetnader, og vert handsama via fagutvala før Fylkestinget tek stilling til den i samband med ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018.

**Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Vedtak i sak 57/17 om Svelgen – Indrehus vert å innarbeide i økonomiplanen.

**Fylkesordføraren** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse saksprotokoll og tilhøyrande tekstdokument (B/ØP) i samsvar med endeleg vedtak i fylkestinget.

### **Avrøysting:**

Fylkesutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Arbeidarpartiet vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegga frå fylkestinget og fylkesordføraren vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

- 1 Dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2018-2021.
- 2 Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021».
- 3 a. Rammetilskotet vert auka som følgje av nye føresetnader knytt til tapskompensasjon, slik: 2018: 12,6 mill. kr, 2019: 2,7 mill. kr, 2020: 2,7 mill. kr og 2021: 2,7 mill. kr.

b. Investeringsprogrammet med tilhørende finansieringsprogram vert auka med samla 1057 mill. kr i økonomiplanperioden. Løyvinga vert fordelt på følgjande prosjekt og finansiert slik det framgår av saka:

- Auka ramme til mindre utbetringar – 40 mill.kr
- Fv 57 Dale-Storehaug – 60 mill. kr fordelt med 10 mill. i 2019 og 50 mill. i 2020
- Auka ramme til gang- og sykkelveggar – 22 mill. kr
- Ferjeavløysing Ytre Steinsund – 770 mill. kr
- Svelgen - Indrehus – 165 mill. kr fordelt med 15 mill. kr i 2020 og 150 mill. kr i 2021. Prosjektet vert fullfinansiert i åra 2022 – 2024. Arbeidet med reguleringsplanen vert starta første halvdel 2018.

Tilhørende kapitalutgifter vert å innarbeide i budsjett/økonomiplan.

c. Avsetting til og bruk av bufferfond vert tilpassa.

4 Driftsbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 1A og 1B, slik:

<b>1 A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2018</b>
Skatt på inntekt og formue	642,000
Ordinært rammetilskot	1720,029
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	65,247
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2427,276</b>
Renteinntekter og utbytte	49,040
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	47,800
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	85,500
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-84,260</b>
Til dekking av tidlegare reknsk.m. meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	94,475
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknsk.m. mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	30,685
Bruk av bundne avsettingar	0,000
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-63,790</b>
Overført til investeringsbudsjettet	2,000
Til fordeling drift	2277,226
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2277,226</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

**1B (tal i mill. kr)**

	<b>PROGRAMOMRÅDE</b>	<b>Budsjett 2018</b>
<b>400</b>	POLITISK STYRING	48,050
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,830
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	82,322
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORVALTNINGA	10,135
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	7,215
<b>460</b>	TENESTER UTANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	1,075
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	8,130
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,508
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>178,265</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,972
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	66,012
<b>520</b>	PEDAGOGISK LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	102,851
<b>521-533</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	346,653
<b>554</b>	FAGSKULE	10,629
<b>559</b>	LANDSLINER	5,514
<b>561</b>	OPPFLG. TENESTA OG PED./PSYK TENESTE	19,065
<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	66,575
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	108,363
<b>581</b>	VAKSENOPPL. ETTER OPPLÆRINGSLOVA	13,769
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	11,457
	RESULTATOVERFØRING SKULANE	
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>856,860</b>
<b>660</b>	TANNHELSE TENESTA - FELLESFUNKSJONAR	16,385
<b>665</b>	TANNHELSE TENESTA - PASIENTBEHANDLING	65,250
	RESULTATOVERFØRING TANNHELSE	
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81,635</b>
<b>701</b>	TILRETTEL./STØTTEF./FIN. BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	74,873
<b>716</b>	FRILUFTSLIV, VASSREG., FORV. AV VILT OG INNLANDSFISK	2,019
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,766
<b>750</b>	KULTURMINNEFORVALTNING	12,970
<b>760</b>	MUSEUM	16,225
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	10,510
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	12,162
<b>775</b>	IDRETT	2,814
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,148
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>145,487</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR	583,437
<b>730</b>	BILRUTER	238,024
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	128,370
<b>732</b>	BÅTRUTER	105,170
<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,978
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1 065,979</b>

Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-51,000
<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2 277,226</b>

- 5 Kapitalbudsjettet for 2018 og tilhørende økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettskjema 2A og 2B. Dette inneber følgjande finansiering og sektorfordeling i 2018:

<b>2A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2018</b>
Investeringar i anleggsmidlar	457,502
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekk	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov inneverande år</b>	<b>459,502</b>
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	200,400
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000
Tilskot til investeringar	88,400
Kompensasjon for meirverdiavgift	87,202
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	0,000
Andre inntekter	18,600
Sum ekstern finansiering	394,602
Overført frå driftsbudsjettet	2,000
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsetningar	62,900
<b>Sum finansiering</b>	<b>459,502</b>
<b>Udekk/udisponert</b>	<b>0,000</b>

<b>2B (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2018</b>
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	118,602
Tannhelse	5,500
Samferdsle	278,400
Kultur	0,000
Nye prosjekt - ikkje fordelt	45,000
Felles inntekter/utgifter	2,000
<b>Inv. i anleggsmidlar - frå skjema 2A</b>	<b>459,502</b>

- 6 Økonomiplanen sine rammer for 2019-2021 skal i utgangspunktet leggast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.

- 7 Fylkestinget syner til FT-vedtak 27/17 der Fylkestinget uttrykte at ein er positive til realisering av ny innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget ber om at søknaden frå Flora kommune om økonomisk støtte til hallen vert vurdert saman med andre søknader, blant anna søknadane frå Fjaler og Stryn, opp i mot regionale planar og økonomiske føresetnader, og vert handsama via fagutvala før Fylkestinget tek stilling til den i samband med ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018.
- 8 Fylkesrådmannen får fullmakt til å tilpasse saksprotokoll og tilhøyrande tekstdokument (B/ØP) i samsvar med endeleg vedtak i fylkestinget.

-----

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 5. og 6. desember 2017 på Fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 16.05.